

Nasjonen som eigedomsfellesskap – nasjonsbyggingstradisjonen frå Philadelphia¹ og Eidsvoll

Dei norske og dei amerikanske grunnlovsfedrane bar bod om noko radikalt nytt. Grunnlovene dei skreiv, og statane dei grunnla, har ein sams intern logikk som er kjernen i den moderne nasjonalstaten og det liberale eigedomsrettsregimet. Det som dei amerikanske og dei norske grunnlovsfedrane gjorde, var å etablera nye fellesskap fundert på den individuelle eigedomsretten. Det var historisk nytt, og framleis er det kjernen i dei nasjonale demokratia. Kvar kom dette frå? Og kva har det hatt å seia for den følgjande historiske utviklinga i desse statane? Her vil eg fokusera særleg på utvidinga av røysteretten, på avskaffinga av slaveret i USA og til slutt litt på grunnrenteregimet for vasskraft i Noreg via ideane til Henry George for å visa den nasjonale logikken kring eigedomsretten.

Det nasjonale spørsmålet

Dette kapittelet skal visa korleis døma USA og Noreg kan vera grunnlag for ei ny forståing av nasjonalstaten ved å fokusera på den private eigedomsretten og folkesuvereniteten, og på korleis samfunn fordeler godar frå eigedom, til dømes ved grunnrente. Både for Noreg og USA finst det mange teoriar om korleis og kvifor desse statane har utvikla seg frå koloniar eller provinsar til å bli moderne nasjonalstatar. I Noreg har ein sett på om det var ytre eller indre faktorar som dreiv fram den nasjonale rørsla, og det har til dømes vore laga teoriar om den norske nasjonalstaten som embetsmannsstat og som rettsstat.² I USA har ein lagt vekt på dei ideologiske røtene til den amerikanske revolusjonen, og det har også der vorte diskutert indre og ytre – med særleg vekt på forholdet til Storbritannia – faktorar for den nasjonale rørsla der.³ Denne tidlegare forskinga har lagt eit viktig grunnlag for å forstå dei historiske utviklingane i Noreg og USA, men av omsyn til plass kan eg ikkje gå vidare inn på denne forskinga her. I staden skal eg her bruka dei orda eg har fått tildelt til å samanlikna utviklingane i desse to statane og sjå dei samla som idealtypiske nasjonalstatar.⁴

Det er ikkje råd å gi full oversikt over den nasjonalismeteoretiske litteraturen heller her, men nokre hovudtrekk skal bli nemnd. Den seinare tida har forskinga lagt vekt på alt frå utviklinga av den moderne staten,⁵ til industrialisering,⁶ til kommunikasjon og språk,⁷ og til etniske skilelinjer og krigens rolle.⁸ Dette kapittelet skal fokusera på kva rolle endringar i

eigedomsregime kan ha spelt for utviklinga av nasjonalismen og nasjonalstaten, og kapittelet hevdar at eigedomsstrukturane representerte ein kontinuitet frå det gamle til det nye, samstundes som nye idear kring eigedomsretten også var heilt sentrale for oppkomsten av nasjonalstatane i Noreg og i USA. Dette har ikkje vore peika på i nasjonalismeforskinga til no.⁹ Denne teksten skal visa nasjonen som eigedomsfellesskap, det vil seie nasjonen forstått som eit kollektiv av menneske som alle har rett til å eiga, og kor suvereniteten, det vil seie den nasjonale folkesuvereniteten, også botnar i prinsippet om at eit kvart individ er ein fri sjølveigar.

Endringar i eigedomsregima

Tida fram mot 1800-talet var ei tid for endring i grunnleggjande materielle kår – noko var i ferd med å skje med måten eigedom var organisert på kringom i Europa og Amerika. Dei gamle eigedomsregima var i ferd med å verta oppløyste og avløyste av borgarlege, eller agrare, kapitalistiske eigedomsformer. På eit abstrakt nivå kan me seie at det som skjedde, var at lappeteppet av rettar og pliktar knytt til eigedommen vart meir straumlinjeforma: Politisk og juridisk makt forsvann gradvis frå jordeigedommen, og samstundes vart eigedomsretten meir og meir ein individuell, reint økonomisk rett spreidd ut på jamt fleire individuelle eigarar.¹⁰ USA og Noreg var begge langt framskridne i denne utviklinga; på dette området var dei to landa ganske like sjølv om det låg vidt forskjellige utviklingslinjer bak.

USA var eit nybyggarland der i hovudsak engelske kolonistar i relativt nær fortid hadde møtt eit land utan tradisjonell statsmakt og hierarki, eit kontinent der jorda ofte ikkje var halden som privat eigedom, og der kolonistane tok seg land frå urinnbyggjarane som dei gjorde til privat eigedom. Historikaren Louis Hartz har sagt noko slikt som at det spesielle med den amerikanske revolusjonen ikkje var fridomen som den skapte, men dei foydale relasjonane som den ikkje trong frigjere seg frå.¹¹ I Noreg var det annleis: her hadde ei tradisjonell statsmakt eksistert i mest 1000 år, landet var integrert i ein av dei mest konsekvent absolutistiske statane i Europa (men utan klassiske foydale forhold), og jord var stort sett ein avgrensa mangelvare. Men, trass i desse forskjellane, så hadde det gått slik til både i USA og i Noreg at ein stor del av bøndene (som utgjorde ein stor del av folkesetnaden) hadde vorte individuelle eigarar av gardane sine. I USA eigde opp mot 70 prosent av bøndene jorda dei jobba på like før revolusjonen i 1776. I Noreg var prosentandelen også høg, men noko lågare: 60 prosent av bøndene eigde jorda si i tida like før vår eigen «revolusjon» i 1814. Dette vart grunnfjellet for det førestilte nasjonale eigedomsfellesskapet.

Det må understrekast at eigedomsforholda verken i Noreg eller i USA var like over heile fjøla. I USA var det særlig i New England at det var ein stor del av sjølveigande bønder,

men det fanst også, til dømes i Hudson-dalen og i Maryland, godsliknande strukturar. I USA var det ein liten elite på om lag fem prosent av folkesetnaden som var rike kjøpmenn og eigalarar av store plantasjar. Og på den andre sida av skalaen var det slavar, menneske som var definert juridisk og sosialt som ein ting andre kunne ha eigedomsrrett til. Like før revolusjonen var kvar femte innbyggjar i dei tretten amerikanske koloniane slave. Slavehaldet var særlig dominerande i sørstatane, og denne typen slavedriven godsøkonomi er noko av det som står i størst kontrast til det meir fritt organiserte norske jordbruksystemet, og til jordbruksystemet slik det var i nord statane. I det sosiale sjiktet mellom slavane og eliten var det ei stor gruppe meir eller mindre frie og sjølveigande bønder, og kvar fjerde vaksne mann var gardbrukar.¹² Eigedomstilhøva i dei tretten koloniane hadde opphav i koloniseringa på 1600-talet. Den britiske krona hadde kravt rett på all landjorda i koloniane, som så vart selv vidare til immigrantane som kom.¹³ Vidare var eigedomstilhøva i koloniane basert på den britiske Common Law, der den private, individuelle eigedomsretten vart festa utetter 1600-talet.¹⁴

Når det gjeld Noreg, var det også her store sosiale skilnader. Kring 1814 fanst ein liten elite av kjøpmenn, godseigarar og embetsmenn som utgjorde berre 2 prosent av folkesetnaden, nokre få tusen menneske. Sjølv om det heiter seg at ein ikkje har tradisjonell adel, gods og aristokrati i Noreg, så hadde ein til dømes både grevskapet i Rosendal og Jarlsberg. Dette var likevel unntaka, og det fanst om lag 80 000 meir eller mindre frie bønder kring 1814. Av dei var 60 prosent var altså sjølveigarar, og den resterande delen var leiglendingar som var relativt frie i samfunnet, og som i stor grad rådde over gard og grunn. I tillegg til desse bøndene fanst eit sosialt lag av husmenn som også utgjorde mest 80 000 menneske. Om lag halvparten av desse hadde fått tildelt jord som dei dyrka på eit hovudbruk, medan den andre halvdelen var såkalla jordlause husmenn. På den nedste delen av den sosiale og økonomiske skalaen var ei gruppe på 100 000 menneske som var tenestefolk og liknande.¹⁵ I Noreg hadde dette eigedomsregimet utvikla seg via krongodssal av jord frå andre halvdel av 1600-talet av, då kongemakta gradvis selde ut tidlegare kyrke- og krongods. Det hadde også funne stad gradvise endringar i skyldsystem og jordeige på 1700-talet som gjorde jorda til bøndene meir til ein eksklusiv individuell rett.¹⁶

Individuell eigedomsrett som grunnlag for det nasjonale eigedomsfellesskapet

Både i Noreg og i USA bestod den nasjonale rørsla kring revolusjonane for det meste av det øvste sjiktet av elitane. Nasjonen som eigedomsfellesskap var difor i denne tidlege fasen først og fremst eit førestilt fellesskap innan ein liten elite. Men, slik eg ser det, var det ei førestilling med opphav i ein røyndom der eigedom var relativt fordelt mellom eit visst sjikt av bøndene.

Difor såg leiande eliterepresentantar dei sjølveigande bøndene som ein del av det nasjonale fellesskapet.¹⁷ Dei økonomiske elitane si rolle i den nasjonale utviklinga har også vore peika på tidlegare. I USA har ein klassikaren til Charles Beard, *An Economic interpretation of the constitution* frå 1913,¹⁸ der han argumenterte for at den amerikanske grunnlova var skriven etter økonomiske interesser til spesifikke grupper, og særleg til dei store landeigarane. Sjølv om analysen hans leng no har vore peika på som litt for enkel, så er den framleis med oss i debatten, som mellom anna Max Edling har peika på i hans kommentar ved hunderårsjubileet for boka.¹⁹ I Noreg peika Halvdan Koth på noko liknande, i essayet «Trongen til demokrati» frå 1948.²⁰ Det var eigedomselitane som stod i spissen, men dei sette likevel fram ein nokolunde brei stemmerett fordi dei trøng bøndene til støtte, meinte Koth.

Det eg vil visa, er korleis eigedomsretten, via elitane sine prosjekt, var både praktisk og ideologisk uløyseleg kopla til det nasjonale.²¹ For å understreka dette poenget kan me gå til nokre av dei tidlege samtidsobservatørane i USA og Noreg. Om USA skreiv Alexis de Tocqueville på 1830-talet at «jorda var så skrinn at den ikkje kunne brødfø både leiglending og herre». Dimed «vart jorda naturlig delt opp i små parsellar til individuelle bønder». På grunn av dette, meinte Tocqueville, vart USA «lagnadsbestemt til fridom, ikkje den gamle aristokratiske fridommen, men den nye demokratiske fridommen som verdas historie ennå ikkje har vist eit fullverdig døme på».²² Det er sjølvsagt ingenting som er lagnadsbestemt i historia, likevel hadde Tocqueville rett på eit vis. Men det var ikkje så mykje demokratiet, som det nasjonale prinsippet, som var «lagnadsbestemt»²³ til å veksa fram i Amerika. Det viktige her var at jorda var nokolunde breitt fordelt. Ein annan samtidsobservatør, den franske immigranten og offentlige intellektuelle J. Hector St. John peika også på dette, på den amerikanske bonden og eigedomsretten:

I det eg set foten på mi eiga jord, så slår den brillante ideen om eigedom meg, denne eksklusive retten, uavhengigheten frå andre. Kva ville vi amerikanske bønder vore utan den unike retten vi har til jorda vår? [...] den har gitt oss alle våre retter; i denne jorda ligg grunnlaget for vår posisjon, vår fridom, vår makt som borgarar.²⁴

Slik viser Crevecour kor sentral eigedomsretten til jord vart for den nasjonale ideologien. Både fridomen og rettane til borgaren byggjer på denne. Også i Noreg i tida kring 1814 finn ein liknande utsegner. Nordahl Brun skriv, i 1787, dette om den norske bonden og hans eigedom til jord (som Brun meinte var sikra gjennom odelsretten):

Herlig er den Tanke: denne Gaard er min, den mæktigere skal ikke fordrive mig derfa. Ingen skal ustraffet røve mig en Fods bred jord eller et Tre av min Skov, saalenge dette alt er min Ejendom.²⁵

Og liknande det Hartz sa om USA sin mangel på føydalaristokrati, og som Toqueville tidlegare også hadde meint om dette landet, så peika vår eigen Ernst Sars, i si seinare historiske framstilling frå 1884, på at den norske nasjonen botna i ein mangel på jordeigararistokrati:

At det norske folk var bleven et bondefolk, stillede det i det fjortende, femtende og sextende Aarhundrede, adelsvældets tidsrum, paa en maade udenfor den almene sammenhæng. Men, at de i det attende Aarhundre fremdeles hadde bevaret denne demokratiske karakter, at det fremdeles var et bondefolk, det blev nu etter, dan den demokratiske tidsstrøm satte ind, dets styrke [...] uden hvilken de aldri hadde fuldbragt, hvad de fuldbargte.²⁶

Det som bøndene fullenda, ifølge Sars, var 1814-grunnlova. Det var på eit vis dei norske bøndene sin odel, deira «frihed og selveiendom»,²⁷ som hadde ført til 1814 slik Sars såg det. I Noreg, som i USA, var det ein egedomsstruktur beståande av relativt mange, relativt frie småbønder som budde grunnen for ei nasjonal utvikling – ikkje på det romantiske viset som til dømes Sars indikerte, men fordi eigedom er makt og suverenitet, og fordi dei tidlegare nemnte endringane fram mot agrarkapitalistisk eigedom på eit vis tvinga dette fram. Det var dette som gjorde at nasjonen vaks fram som eit egedomsfellesskap – eit samfunn der alle fulle borgarar har rett til eigedom, og der folkemakta og folkesuvereniteten (altså den nasjonale suvereniteten) er ankra i desse menneska sin eigedom.

Nasjonal suverenitet som egedomssuverenitet

Den amerikanske advokaten Morris Cohen, som var verksam tidleg på 1900-talet, slo fast at «eigedom er suverenitet».²⁸ Dette fordi essensen i egedomsretten er retten til å ekskludera andre frå det som retten gjeld. Dersom nokon skulle villa bruka til dømes maten, vatnet, eller noko anna som hører til ein eigar, så må eigaren gi løyve til dette. I den grad egedommen gjeld over noko som eit anna menneske også treng, vil dette gi eigaren makt over dei andre. Eigedom gir også rett til framtidig kontroll med ressursar, i form av rente og grunnrente. Generelt kan det peikast på at eigedom gir makt i form av domene over ting, ved økonomisk styrke og ved at den gir eigaren autoritet.²⁹ På desse måtane er egedomsretten å likna med suverenitet, som, i tradisjonen etter Jean Bodin, Thomas Hobbes og etter freden i Westfalen, er den øvste makta til å bestemma og å laga lover over et territorium – eit landområde.³⁰

Historisk har også egedomsretten og suvereniteten falle saman i Europeisk historie.³¹ Men eit viktig poeng med det føydale, aristokratiske og absolutistiske Europa er dette: Egedomsretten til jord var stort sett eit aristokratisk privilegium for dei fåe, i alle fall var retten til eigedom ikkje forstått som nokon universell rett.³² Det er dette nasjonalstaten endrar på. I

den nasjonale verda er «all men created equal» som den amerikanske lausrivingserklæringa deklamerer. Eigedomsretten blir forstått som ein i teorien universell rett,³³ og dette, slik eg ser det, legg føresetnaden for folkesuvereniteten fordi alle no kan vera eigarar, og fordi eigedom er forstått som ei kjelde til fridom og makt.³⁴

Litt enkelt sagt var det slik at ei brei fordeling av den individuelle eigedomsretten til jord førte til ei brei fordeling av suverenitet; altså folkesuverenitet. Slik gjorde den relativt breie fordelinga av jord at USA og Noreg vart nokre av verdas første nasjonalstatar, fordi nasjonal suverenitet i røynda var eigedomssuverenitet, men breitt fordelt. Dei norske og dei amerikanske grunnlovsfedrane kunne sjå føre seg at eigedom til jord var ein universell rett fordi så (relativt) mange faktisk hadde denne retten i Noreg og USA. Likt som i den amerikanske uavhengighetserklæringa skriv Adler og Falsen i grunnlovsutkastet sitt for Noreg at alle menn er frie og like, men i staden for å snakka om dei velkjente rettane til «life, liberty and the pursuit of happiness», så går dei rett til sakens kjerne, altså eigedomsretten. Dei skriv: «Alle mennesker fødes frie og lige; de have visse naturlige, væsentlige og uforanderlige rettigheder. Disse ere frihed sikkerhet og eiendomsrett». ³⁵ For Falsen var det vidare heilt klart at den nasjonale suvereniteten gjekk ut frå dei som eigde jord. Som han skreiv i 1815:

Det var grundeierne eller odelsmændene der udøvede den lovgivende magt. Den rett at representere nationen i folkeforsamlingen eller på tinget, og have del i lovgivningen, var som historien og de gamle love vise os, ikke personlig; den hængte ved jorden, og det maatte være saa.³⁶

Dette betyddet at «all souverenitet [ligg] hos folket, der selv hadde forbeholdt sig den lovgivende magt». ³⁷ I USA meinte mange det same, og særlig Thomas Jefferson sine skrifter er fulle av gode døme her. Jefferson er grundig diskutert i kapittel X i denne boka*, her kan me i staden sjå til forlagsmannen og den offentlig intellektuelle Noah Webster. Webster er trulig mest kjend for å ha skrive *An American dictionary of the English language* fra 1828. Han var fødd i 1758 som son av ein Connecticut-bonde, men reiste for å studera språk og jus ved Yale College. Seinare vart han redaktør for ein avis som støtta føderalistane i kampen om grunnlova, ei fløy som stod for sterk sentral styring av den amerikanske unionen.³⁸ I 1787 skreiv Webster dette om eigedom og nasjonal fridom:

Ei nokolunde lik fordeling av eigedom til jord er sjølve grunnlaget for nasjonal fridom. Systemet til den store Montesquieu forblir feilaktig så lenge ein ikkje bytter ut «dygd» med privat eigedom til jord gjennom heile hans verk Lovens Ånd.³⁹

Vår eigen Falsen seier nesten nett det same i 1815 som Webster sa i 1787. Falsen skreiv: «Saa lenge jordgodserne er smaa, fordelede mellem flere, see vi overalt at sæderne agtes, lovene overholdes, kort sagt, at staterne ere, om ikke mækige, saa dog lykkelige». ⁴⁰

På denne logikken vart det etablert, både i Noreg og i USA, eigedomsdemokrati der jordeigedom var ein sentral føresetnad for deltaking, grunnlovar som slo fast at suvereniteten låg hjå folket, og eit lovverk som grundig beskytta den private eigedomssretten. Begge stader var også forteljinga om eit historisk folk av frie bønder sentral. Thomas Jefferson i USA, litt indignert over at den britiske kongen såg ut til å tru annleis, såg seg nøydd til å påpeika i 1774, to år før revolusjonen, at: «Våre saksiske forferde hadde absolutt domene over jorda si, så vel som til den personlige eigedommen dei hadde. Jorda deira var fri frå alle herrar, og høyrt til eigaren som ein slags odel». ⁴¹ I Noreg under Eidsvollsforhandlinga, refererte Ole Elias Holck til ein liknande tradisjon for den norske bonden, basert på odelen hans. Holck spurde retorisk:

Hvad kan være Aarsagen til at den norske Bonde [...] nyder den store Rettighed, Naturen selv synes at ville forsvare, neml; at den som ved sit Arbeide og Sveed tvinger Jorden til Frugtbarhed, er nærmest berettiget til dens eiendommlige Besiddelse. ⁴²

Svaret var at det var odelsretten som hadde gjeve den norske bonden rett til eigedomen sin, og det hadde den gjort i uminnelige tider. Dette var også Falsen fullstendig samd i, og brukte mykje krefter på å visa det. ⁴³

Det var sjølv sagt ikkje alle som meinte nett det same, og på same vis. Tvert om var det stor usemje mellom forskjellige fløyer: i USA mellom føderalistar og antifederalistar, ⁴⁴ i Noreg mellom partiet til Falsen og Prins Christian Fredrik på den eine sida, og det såkalla unionspartiet til grev Wedel-Jarlsberg på den andre, ⁴⁵ mellom dei som var for odelsretten og dei som var imot han. ⁴⁶ Røyndommen vart heller ikkje alltid like lett føya etter dei store idealane. Både i Noreg og USA vart det ikkje berre eigedom som gav stemmerett, ⁴⁷ og sjølv om teorien var jamn fordeling av jordeigedom, vart det, som tidlegare nemnt, store ulikskapar i røynda mellom forskjellige sosiale grupper. Det vil alltid vera slik at det aldri er eit perfekt samsvar mellom idé og røyndom. Men i det amerikanske og det norske jordbruksamfunnet på starten av 1800-talet var det eit stort nok samsvar mellom røyndommen (eigedomssstrukturen) og idealet (nasjonalismen) til at ein ny type statsform kunne slå rot: det nasjonale samfunnet, forstått som eigedomsfellesskap. Trass i forskjellar var det ein underliggende lik logikk kring eigedom, fridom og suverenitet som gjorde nasjonen til eit eigedomsfellesskap.

Utviding av røysteretten i Norge og oppheving av slaveriet i USA – ein lik logikk.

Røysteretten i Noreg

Utover på 1800-talet vart både USA og Noreg industrialiserte og urbaniserte. Det var altså ikkje lenger snakk om berre jordbruks samfunn, men gryande industri og lønnsarbeidarsamfunn. Og sjølv om jordbruket framleis var sentralt i begge land, så vart eigedom til jord mindre viktig, erstatta av kapital og lønnsarbeid.⁴⁸ Dette førte til ei endring av forståinga av fridom og av folkesuvereniteten. Der jordeigedom før var den sentrale føresetnaden for både individuell fridom og den nasjonale suvereniteten, vart det etter kvart eigedom til arbeidskraft som var det sentrale. Det vart no slik at alle menn som arbeidde, kunne bli sett på som eigarar av arbeidskrafta si. Dette utvida fridommen til mange fleire menneske, og var i praksis grunnlaget for utvidinga av røysteretten både i USA og i Noreg, og det var også grunnlaget for opphevinga av slaveriet i USA. Tanken var slik: Dersom kvar mann si arbeidskraft var noko han hadde eigarskap til, i praksis ein eigedom på lik linje med jord, så var han ein fri mann, han kunne ta del i folkesuvereniteten via røysteretten. På stortinget i 1878 påpeika Johan Sverdrup på det han såg som det absurde ved å gi røysterett basert på ein viss verdi jord. «Tænk nu» sa han:

om enhvær af os af Presidenten kunde opfordres til at erklære, hvad vi ansaa for at være jord af saadan værdi, at den passende kan begrunde stemmeret. Hvor mange forskjellige meninger vilde man ikke da faa høre? Jeg tænker nesten ligeså mange som det er representanter i salen.⁴⁹

Nokre år før, i 1873, uttrykte Sverdrup heilt konkret ideen om at eigedommen som fanst i arbeidet til ein mann, skulle vera tilstrekkelig for å røysta. Sverdrup spurde tilhørarane sine i Stortinget følgjande:

Hvad skulle man svare arbeideren, overhodet enhver mand i dette land, som selv sørger for sit livsopphold, naar man først har denne bestemmelse, naar han kommer og kræver andel i Betingelserne for deltagelse i de anliggender, som berøre hans og hans families vel, samfundets, landets vel, det samfund, hvortil han hører? Hvad vil man svare, naar man giver den, der har hus paa landet til 150 Spd.s verdi, stemmeret? Er et muligt, at besiddelse af hus til denne verdi skal kunne samnelignes med den kapital, der ligger i en mands dygtighet og arbeid? jeg vil se paa den, som med frelst samvitighed kan sige: nei, jeg vurderer ikke en arbeidsmand til 150 Spd.⁵⁰

Desse debattane var del av den breie rørla og den lange vegen mot eit parlamentarisk system og utviding av røysteretten. Parlamentarismen vann fram i 1884, medan allmenn røysterett for menn kom i 1898 og for kvinner i 1913.⁵¹ Også i USA vart det argumentert på same vis kring

utvidinga av røysteretten,⁵² men av omsyn til plass, skal eg i det vidare heller fokusera på slaveriet, for å indikera korleis denne logikken verka inn også på oppheving av slavehaldet.

Slaveriet i USA

Slavehald hadde vore eit omstridt tema då grunnloven vart skriven i USA,⁵³ men alt i alt støtta grunnlova indirekte opp om slaveriet, mellom anna ved at statane der det var slavar fekk telje desse som ein 3/5 person ved utrekning av folketalsrepresentasjon til representantanes hus. Det var også slik at den sterke retten statane hadde til sjølvbestemming, og den sterke posisjonen den private eigedomsretten hadde (slavane var definert som eigedom), indirekte støtta opp om slaveriet.⁵⁴ I samtid var dette klart for mange: Slaveriet handla nok om rasisme, men det botna også i forskjellige arbeidssystem og syn på fridom, eigedom og arbeid. Dette var grunnlaget for den radikale endringa som fann stad i USA med borgarkrigen (1861–1865) som oppheva slaveriet og skapa ei mykje sterkare sentral nasjonal makt.

Republikanaren William Henry Seward meinte at dei forskjellede syna på arbeid var grunnlaget for ei «uunngåeleg konflikt mellom to vedvarande motsetnader»,⁵⁵ som til slutt enda i borgarkrigen. Seward var fødd i 1801 som son til ein velståande bonde i Florida, New York. Han blei involvert i politikk som ein såkalla whig i 1830-åra, og i løpet av 1840- og 1850-åra kom han til å markera seg som ein sterk agitator mot slaveriet. Seward var nær ved å bli presidentkandidat for Republikanarane, men vart sett på som for radikal. Då Abraham Lincoln blei valgt til president, var Seward statssekretær. Særlig kjend er Seward for «irrepressible conflict»-talen sin, der han talar om det frie lønsarbeidet vs slavearbeidet som ei uunngåeleg konflikt.⁵⁶ Seward beskrev desse to systema slik: «Det eine bygger på slavearbeid, det andre på frivillig arbeid gjort av frie menn». Og frie menn, det var menn som rådde over si eiga arbeidskraft. Presidentkandidat og seinare president Abraham Lincoln sa det slik:

Eg meiner at kvar enkelt er naturlig berettiga til å gjera som han ønsker med fruktene av sitt arbeid, så langt som det ikkje går utover ein annan manns rettar til fruktene av hans arbeid.⁵⁷

Ein annan stad sa Lincoln det slik når han omtalte slaven: «Når det gjeld retten til å eta brød, til å nyta det arbeidet som hans eigne hender har gjeve han, til dette har han like mykje rett som meg». Det republikanske partiet som Lincoln leia, var, som ein av medlemmane sa det « ikkje berre [...] antislaveripartiet, men i botn og grunn [...] partiet for det frie arbeidet».⁵⁸ Og som Seward sa det: «Dette samsvarer med den guddommelege loven om likskap som er skriven i

hjarta og i samvitet til menneska».⁵⁹ Det var mykje på bakgrunn av denne logikken at slavearbeidet vart oppheva etter borgarkrigen sin slutt i 1865.

Både dei i USA som ville oppheva slaveriet på logikken om at arbeid gjer fri, og dei som i Noreg utvida røysteretten på denne grunnen, gjorde det med basis i det dei meinte var ei vidareførig av fridoms- og likskapsprinsippa i grunnlovene. I USA refererte Lincoln stadig til grunnlovsfedrane, og særlig då til uavhengighetserklæringa. Han meinte at alle amerikanarar var bundne saman med den og med dei som skreiv den «som om var dei av deira blod og deira kjøt».⁶⁰ Lincoln var klar på at prinsippa frå denne erklæringa var meint som «ein snublestein for alle dei som vil føra eit fritt folk tilbake til despotiet»,⁶¹ som slaveriet representerte. I Norge var også Sverdrup klar på at hans sak om parlamentarisme var på linje med likskapsprinsippa til dei norske grunnlovsfedrane. «Det viste sig» sa han, «at grunnlovens bestemmelse ikke svarede til sit øyemed [...] folkemagten øvde ikke den inflydelse på tingenes gang, i det store, som den burde».⁶² Det var dette Sverdrup sin parlamentarisme, og seinare røysteretsutvidinga, svara til. Det som skjedde, både i USA og Noreg var at eigedomsideala frå grunnlovsfedrane vart omforma i samsvar med den nye tida. Eigdomsforholda endra seg frå ein struktur der jordeigedom var viktig til ein der arbeid og kapital var sentralt. Då endra også ideala seg.⁶³

Eigedom, ulikskap og Henry George: nokre refleksjonar om vegen vidare

I den tidlege nasjonale ideologien hadde det vore eit ideologisk grunnlag at faktisk eigedom burde bli fordelt nokolunde likt mellom medlemmane av nasjonen. Slik var det ikkje i den andre fasen, då det handla om å teoretisk gi alle medlemmene av nasjonen eigdomsrett over seg sjølv. Innan denne nye, meir industrielle konteksten vart det i Amerika fødd ein ny og parallel tankestraum kring korleis ein kunne fordela fruktene av den faktiske jordeigedommen innanfor rammene av nasjonalstaten. Opphavsmannen her var Henry George, og tankestraumen er kalla georgisme. George hadde bakgrunn som skribent og journalist, men vart også sjøvlært økonom. I 1879 gav han ut verket *Poverty and Progress*, som selde meir enn to millionar kopiar berre i USA, og verket vart svært populært mange stader i Europa også, inkludert i Noreg. I den nasjonale politiske utviklinga i USA fekk George berre avgrensa påverknad, mest på 1880-talet knytta til fagforeiningar og arbeidarrørsler som Knights of Labour. Han var også nær ved å blir borgarmeister i New York.⁶⁴ Det som er interessant her er at tankane kring fordeling av eigedom som han formulerte, på visse måtar kan bli satt i samanheng med dominerande tankar kring dei amerikanske grunnlovsfedrane, især med Thomas Jefferson. Vidare vart George direkte brukt av dei norske nasjonsbyggjarane i den

tidlege Venstre-staten. Kanskje kan georgismen bli sagt å representera dei jeffersonske og falsenske eigedomsideala for eit industrielt samfunn?

Grunnrenteskatt og nasjonsbyggingstradisjonen

Henry George sitt svar på fordeling av eigedom var ei slags teoretisk kollektivisering av den faste jordeigedommen. Eigedommen til grunnressursar som jord burde eigentleg vera alle menneska si felles eige, meinte George. Men i staden for å ta eigedomsutten frå dei som alt rådde over jorda, føreslo George ein grunnrenteskatt der alle som eigde jord, betalte skatt for dette til fellesskapet. Grunnrentetanken blir vanlegvis spora attende til den britiske økonomen David Ricardo, som meinte at grunnrenta var representasjonen av den unike verdien som sjølve jordeigedommen utgjorde for eigaren: Arbeidaren jobba for pengar, kapitalisten skapa kapital og fekk profitt, mens jordeigaren fekk rente frå jorda, berre i kraft av å eiga henne, i kraft av verdien jorda representerte i seg sjølv.⁶⁵ Seinare tenkjarar som Karl Marx har peika på at grunnrenta først blir til gjennom sosioøkonomisk samspel der ei lita gruppe menneske har monopolisert, via privat eigedom, noko som alle treng. Grunnrenta, seier Marx, blir først til når kapitalen kjøper opp og gjer til privat eigedom ein naturresurs som uansett har ein verdi.⁶⁶

Men kva med dei intellektuelle røtene George hadde i den amerikanske nasjonale tradisjonen frå revolusjons- og grunnlovstida? George nemner til dømes Jefferson i analysane sine: «Når all [grunn]rente blir tatt av samfunnet via skatt, så blir den likskapen som naturen fordrar fullbyrda».⁶⁷ All jorda ville då bli eit felles gode, ei felles eige, og dette, skriv George, vil gjera at «samfunnet nærmar seg det jeffersonske demokratiske idealet».⁶⁸ Som nemnt ovanfor var dette eit ideal der den amerikanske nasjonen bestod av småbrukarar som alle eigde jorda si. «Vi har uendeleig mykje land» hadde Jefferson skrive, «er det ikkje då best at alle våre borgarar jobbar med jorda?» For det hadde seg nemleg slik, meinte Jefferson, at «dei som jobbar med jorda, er Guds utvalde folk».⁶⁹ Jefferson føreslo ein gong at staten skulle gi eit stykke jord til alle innbyggjarar i Virginia som ikkje var eigarar.⁷⁰ Henry George sitt svar var altså i staden å utjamna ulikskap i eigeforhold ved skattlegging på all grunneigedom. I denne samanhengen er det interessant at Thomas Jefferson sin samtidige, skribenten og uavhengighetsforkjemparen Tom Paine, hadde skrive ein pamflett med tittelen *Agrarian Justice*. Her skriv Paine, nesten på same måte som Henry George hundre år seinare, at jordeigedom høyrer alle til, og at det difor bør bli laga ein nasjonal konto som alle jordeigarane betalar inn pengar til, som så kan bli fordelt til alle i nasjonen.⁷¹ Det kan hende at Georgismen har like sterke røter i denne tradisjonen som i Ricardo si grunnrente. I Noreg vart i alle fall

georgismen naturleg inkorporert i den tidlege nasjonsbyggingstradisjonen til venstrestaten, som me skal sjå kort på under.

George sine idear i Noreg

Ideane til George vann innpass hjå ei lita, men sentral gruppe menneske i Noreg i slutten av 1880-åra. Formannen i Venstre, Viggo Ullmann, omsette *Poverty and Progress* til norsk i 1885, og då han møtte George i 1893 skal han ha sagt at «så snart den unionelle strid i Norge var til ende, vilde arbeidet for Henry Georges ideers indtrængen i Norge blive opptaget med kraft». ⁷² Då venstrerørsla hadde fått opplyst unionen og så kome i regjering, var det to andre sentrale norske politikarar som målbar tankane til George, den eine var statsminister Gunnar Knudsen (statsminister 1908–1910 og 1913–1920). Den andre var juristen og stortingsmannen Johan Castberg. Særlig Castberg er peika på som ein sentral berar av George sine grunnrenteidear, men i noko modifisert form. Det var aldri tale om å ta inn grunnrenteskatt på all grunneigedom, som til dømes bøndene si jord. Det vart heller snakk om å få sett ned grunnrenteprinsipp på det som var sett på som særskilt verdifulle naturressursar, i første omgang fossekrafta. Både Knudsen og Castberg, hadde, som Fredrik Thue skriv, «en felles oppfatning om samfunnets rett til en andel av grunneiendommens verdiøkning». ⁷³ Eit prinsipp som vart sentralt i konsesjonslovene om vasskraft av 1909. Saman med skattelova av 1911 og ervervslova av 1917 la dette viktige premiss for vasskrafta som delvis kollektiv eigedom som tilfall folket, skriv Thue. ⁷⁴

